




Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200607246-6/522/BAHA

Dykkar ref.:

Bergen, 29. januar 2007

Høyring - forslag til endringar i lov om fagskoleutdanning

Viser til vedtak frå opplærings og helseutvalet og saksframlegg sendt elektronisk til postmottak@kd.dep.no 18.01.06.

Fylkesutvalet har fatta slikt vedtak i saka.

"Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

Hordaland fylkeskommune er positiv til ei lovendring som klargjer fagskoleutdanninga sin plass i utdanningssystemet og kan i store trekk slutta seg til forslaget som er lagt fram.

Fylkeskommunen har merknader på følgjande punkt:

1. Formål og verkeområde
For å vera trygg for at fagskoleutdanninga er på nivået over vidaregåande opplæring bør det presiserast at fagskoleutdanninga skal byggja på vidaregåande opplæring i det aktuelle fagområdet eller tilsvarende kompetanse.
2. Organisering og leing
Etter lovforslaget vert fylkestinget som skoleeigar sett på sidelinja når det gjeld utvikling og drift av eiga fagskoleutdanning og det vert skapt uklare ansvarsforhold mellom skolen og fylkeskommunen sine overordna organ. Kravet om at også fylkeskommunale tilbydarar skal ha eige styre som øvste ansvarlege styringsorgan er ikkje i samsvar med prinsippa som er lagt til grunn i kommunelova.

Forslaget må difor endrast slik at der stat, fylkeskommune eller kommune er eigar av utdanningsinstitusjonane, er vedkomande forvaltningsnivå øvste ansvarlege og kan organisera drifta slik dei finn det formålstenleg innfor gjeldande regelverk.
3. Statleg tilskot
Når det i forslaget vert opna for at fleire utdanningar enn i dag skal kunna få statstilskot, til dømes fagskoleutdanning i helsefag, må dei statlege løyvingane til desse utdanningane aukast.
4. Eigenbetaling
I dei tilfella næringslivet etterspør spesialtilpassa utdanningsmodellar, som ofte er meir

kostnadskrevjande enn ordinære fagskoleutdanningar, må det vera opning for at fagskolane kan ta eigenbetaling som dekkjer ekstrakostnadene."

Inger Øvsthus Tønder
Inger Øvsthus Tønder

B. Haugen
Birthe Haugen

Opplærings- og helseutvalet 16.01.07

Innstilling til fylkesutvalet behandles i møte 25.01.07 vedtak ettersendes.

INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune er positiv til ei lovendring som klargjer fagskoleutdanninga sin plass i utdanningssystemet og kan i store trekk slutta seg til forslaget som er lagt fram.

Fylkeskommunen har merknader på følgjande punkt:

1. Formål og verkeområde

For å vera trygg for at fagskoleutdanninga er på nivået over vidaregåande opplæring bør det presiserast at fagskoleutdanninga skal byggja på vidaregåande opplæring *i det aktuelle fagområdet* eller tilsvarende kompetanse.

2. Organisering og leing

Etter lovforslaget vert fylkestinget som skoleeigar sett på sidelinja når det gjeld utvikling og drift av eiga fagskoleutdanning og det vert skapt uklare ansvarsforhold mellom skolen og fylkeskommunen sine overordna organ. Kravet om at også fylkeskommunale tilbydarar skal ha eige styre som øvste ansvarlege styringsorgan er ikkje i samsvar med prinsippa som er lagt til grunn i kommunelova.

Forslaget må difor endrast slik at der stat, fylkeskommune eller kommune er eigar av utdanningsinstitusjonane, er vedkomande forvaltningsnivå øvste ansvarlege og kan organisera drifta slik dei finn det formålstenleg innafor gjeldande regelverk.

3. Statleg tilskot

Når det i forslaget vert opna for at fleire utdanningar enn i dag skal kunna få statstilskot, til dømes fagskoleutdanning i helsefag, må dei statlege løyvingane til desse utdanningane aukast.

4. Eigenbetaling

I dei tilfella næringslivet etterspør spesialtilpassa utdanningsmodellar, som ofte er meir kostnadskrevjande enn ordinære fagskoleutdanningar, må det vera opning for at fagskolane kan ta eigenbetaling som dekkjer ekstrakostnadene.



Arkivsak 200607246-2
Arkivnr. 522
Saksh. Haugen, Birthe

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	16.01.2007
Fylkesutvalet	25.01.2007

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I LOV OM FAGSKOLEUTDANNING

SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet har lagt fram forslag til endringar i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskolelova). Forslaga omfattar endringar på følgjande område:

- Lova sitt formål og verkeområde §1
- Godkjenning §2
- Organisering og leiing §3
- Offentleg tilskott til fagskoleutdanning §8
- Eigenbetaling §9
- Vern av nemnigane "fagskoleutdanning" og "fagskole"- registrering i Enhetsregisteret §10
- Overgangsheimlar §11

Målet med endringsforslaga er å klargjere fagskoleutdanninga si plassering i utdanningssystemet. Fagskolane tilbyr korte, yrkesretta utdanningar med eit omfang på mellom eit halvt og to studieår. Fagskoleutdanning byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Fagskolane er eit alternativ til høgare utdanning og tilbyr påbyggingsstudiar til yrkesretta utdanning.

Det er ønskjeleg å gjere godkjenningsordninga meir fleksibel og å gjere heimlane om organisering og leiing klårare.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune er positiv til ei lovendring som klargjer fagskoleutdanninga sin plass i utdanningssystemet og kan i store trekk slutta seg til forslaget som er lagt fram.

Fylkeskommunen har merknader på følgjande punkt:

1. Fromål og verkeområde

For å vera trygg for at fagskoleutdanninga er på nivået over vidaregåande opplæring bør det presiserast at fagskoleutdanninga skal byggja på vidaregåande opplæring *i det aktuelle fagområdet* eller tilsvarende kompetanse.

2. Organisering og leiing

Etter lovforslaget vert fylkestinget som skoleeigar sett på sidelinja når det gjeld utvikling og drift av eigen fagskoleutdanning og det vert skapt uklare ansvarsforhold mellom skolen og fylkeskommunen sine overordna organ. Kravet om at også fylkeskommunale tilbydarar skal ha eige styre som øvste ansvarlege styringsorgan er ikkje i samsvar med prinsippa som er lagt til grunn i kommunelova.

Forslaget må difor endrast slik at der stat, fylkeskommune eller kommune er eigar av utdanningsinstitusjonane, er vedkomande forvaltningsnivå øvste ansvarlege og kan organisera drifta slik dei finn det formålstenleg innafor gjeldande regelverk.

3. Statleg tilskot

Når det i forslaget vert opna for at fleire utdanningar enn i dag skal kunna få statstilskot, til dømes fagskoleutdanning i helsefag, må dei statlege løyvingane til desse utdanningane aukast.

4. Eigenbetaling

I dei tilfella næringslivet etterspør spesialtilpassa utdanningsmodellar, som ofte er meir kostnadskrevjande enn ordinære fagskoleutdanningar, må det vera opning for at fagskolane kan ta eigenbetaling som dekkjer ekstrakostnadene.

Paul M. Nilsen

Svein Erik Fjeld

Utrykt vedlegg:

Høyringnotat: "Høringsbrev om forslag til endringer i lov om fagskoleutdanning (fagskoleloven)" sendt på høyring 16.11.06

eller http://odin.dep.no/kd/norsk/dok/hoering/paa_hoering/070041-080014/dok-bn.html

FYLKESRÅDMANNEN, 02.01.2007:

Kunnskapsdepartementet har lagt fram forslag til endringar i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskolelova). Forslaga omfattar endringar på følgjande område:

- Lova sitt formål og verkeområde §1
- Godkjenning §2
- Organisering og leing §3
- Offentleg tilskott til fagskoleutdanning §8
- Eigenbetaling §9
- Vern av nemnigane "fagskoleutdanning" og "fagskole"- registrering i Enhetsregisteret §10
- Overgangsheimlar §11

Målet med endringsforslaga er å klargjere fagskoleutdanninga si plassering i utdanningssystemet. Fagskolane tilbyr korte, yrkesretta utdanningar med eit omfang på mellom eit halvt og to studieår. Fagskoleutdanning byggjrr på vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse. Fagskolane er eit alternativ til høgare utdanning og tilbyr påbyggingsstudiar til yrkesretta utdanning.

Vidare er det ønskeleg å gjere godkjenningsordninga meir fleksibel og å gjere heimlane om organisering og leing klårare.

Føremål og verkeområde §1

Føremålet med Fagskolelova er å etablere eit system for offentlig godkjenning av fagskoleutdanningar og å sikre studentane sine vilkår. For at ei utdanning skal kunne verte godkjent etter Fagskolelova må ho være yrkesretta, byggje på vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse, og ho må ha eit omfang tilsvarande minimum et halvt studieår og maksimum to studieår.

Departementet føreslår å endre føremålsparagrafen, slik at tre sentrale føremål med lova uttrykkeleg vert nemnt i heimelen:

1. Kva for utdanning lova skal leggje til rette for.
2. Studentar ved desse utdanningene skal ha tilfredsstillande vilkår.
3. Lova skal sikre god kvalitet på desse utdanningene.

Fagskoleutdanningar ligg på eit nivå over vidaregåande opplæring og skil seg frå utdanningar ved universitet og høyskolar ved at dei ikkje har krav om å vere forskningsbaserte. Fagskoleutdanningar har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Utdanninga er yrkesretta og gjev kompetanse som kan takast i bruk direkte i arbeidslivet utan ytterlegare generelle opplæringstiltak.

Det bør sikrast høg kvalitet på all fagskoleutdanning, og det bør ikkje vere tvil om kva for inntaksgrunnlag studentane skal ha før dei kan starte ei fagskoleutdanning. For å vere sikker på at fagskoleutdanninga er på nivået over vidaregåande opplæring, føreslår Fylkesrådmannen ei presisering om at fagskoleutdanninga skal byggje på vidaregåande opplæring **i det aktuelle fagområdet** eller tilsvarande realkompetanse.

Fylkesrådmannen tilrår at øvrige endringar i formålsparagrafen vert støtta.

Godkjenning §2

Frå skoleåret 2006 – 2007 er det krav om at alle fagskoleutdanningar skal vere godkjent av NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga). Det har ført til lange og ressurskrevjande søknads- og godkjenningsprosedyrer for kvar enkelt utdanning.

Fylkesrådmannen er positiv til forslaget om at tilbyder av fagskoleutdanningar under visse vilkår kan få fullmakt til å opprette og leggje ned fagskoleutdanningar, dersom fagskolane har tilfredsstillande system for kvalitetssikring.

Organisasjon og leiing §3

I OT.prp. nr. 32 (2002-2003) føreslo departementet at det ikkje skulle vere krav om eige styre for fagskolane i dei tilfella kor stat, fylkeskommune eller kommune er eigar av utdanningsinstitusjonane. Departementet meinte at vedkommande forvaltningsnivå skulle vere øvste ansvarleg, og organisere drifta slik det er føremålsteneleg innafor ramma lova fastsett. I Innst.O.nr. 78 (2002-2003) frå KUF-komiteen vart departementet sitt forslag endra slik at det er stilt krav om at også tilbydarar eigd av stat, fylkeskommune eller kommune skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan.

Sitat frå forslag til endring av lov om fagskoleutdanning §3, første og andre ledd;
”Tilbyder av fagskoleutdanning skal ha et styre på minst 5 medlemmer, og er øverste styringsorgan for fagskolen.

Styret er ansvarlig for at studentene får den utdanningen som er forutsatt som grunnlag for godkjenningen, at alle vilkår for eventuell offentlig tilskudd overholdes og at virksomheten for øvrig drives i samsvar med gjeldende lover og regler. Styret er ansvarlig for at de opplysninger som blir gitt godkjenningsorganet og utdanningssøkende, er korrekte og fullstendige.

Tilbyder av fagskoleutdanning skal ha en administrativ og faglig ledelse som skal stå for den daglige driften av utdanningen innenfor de retningslinjer og pålegg styret har gitt. Den administrative og faglige ledelse ansettes av styret.”

Fylkeskommunane har lang erfaring med å vere skoleeigar for fagskoleutdanning. Fagskoleutdanning er eit viktig verkemiddel for å vidareutvikle og skaffe oppdatert kompetanse på nivå over vidaregåande opplæring for både privat næringsliv og offentleg arbeidsliv i regionen. Fagskoleutdanning vil i stor grad kunne byggje opp under fylkeskommunen som ein synleg og tydeleg regional utviklingsaktør.

I St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid, som Regjeringa la fram 8. desember 2006, er det foreslått at ansvar for drift og finansiering av fagskoleutdanning vert overført til dei nye regionane.

I fleire fylke er fagskoleutdanning ein integrert del av fylkeskommunale vidaregåande skolar. Krav om at tilbyder av fagskoleutdanning skal ha styre som øvste organ, som mellom anna skal tilsetje administrativ og fagleg leiing, gjør dette problematisk.

Slik fagskolelova er i dag, og som det er foreslått vidareført i revidert lov, vert Fylkestinget som skoleeiger i stor grad sett på sidelinja. Den einaste reelle påverknad Fylkestinget har på eigen fagskoleutdanning, er ved oppnevning av styre.

Rådmannen tilrår at den teksten som departementet føreslo ved fastsettjing av fagskolelova i 2003, kjem inn igjen i § 3 Organisasjon og leiing, ved endring av fagskolelova slik: ***I dei tilfella kor stat, fylkeskommune eller kommune er eigar av utdanningsinstitusjonane, er vedkommande forvaltningsnivå øvste ansvarlege og kan sjølve organisere drifta slik dei finn det føremålsteneleg innanfor ramma lova fastsett.***

Offentleg tilskott til fagskoleutdanning §8

Det kan gjevast offentleg tilskott til tilbydarar av fagskoleutdanning som er godkjent etter denne lova. Ei godkjenning som fagskole gjev ikkje eit rettskrav på offentleg tilskott. Godkjenning etter fagskolelova og tildeling av offentleg tilskott vil såleis vere to separate vurderingar. Lova tek vidare

utgangspunkt i at det som hovudregel er etterspurnad og betalingsvilje i marknaden som styrer etterspurnaden etter fagskoleutdanning.

Vi har i dag ein tilskottsordning for tekniske fagskoleutdanningar. Denne omfattar tilbod gitt ved tekniske fagskolar, som var omfatta av tidlegare lov av 28. januar 2000 nr. 9 om tekniske fagskolar. Disse skolane har vore omfatta av ei overgangsordning som inneber at skolane må ha søkt NOKUT om godkjenning innan 10. november 2006 dersom dei skal drive vidare på same vilkår. Tilskottsordninga for desse fagskoleutdanningene er vidareført i statsbudsjettet for 2007.

Departementet føreslår å vidareføre desse hovedprinsippa om offentlig tilskott.

Heimelen inneber at bare utdanningar som er godkjent etter denne lova, kan ha rett til tilskott. Lovforslaget opnar for at det kan å gje tilskott til både offentlege og private tilbydarar.

Når lova no opnar for at fleire utdanningar enn i dag skal kunne få tilskott, til dømes. fagskoleutdanning i helsefag, må dei statlege løyvingane til fagskoleutdanning aukast. Dei økonomiske rammane for den tekniske fagskoledrifta er svært knappe. Dersom fleire utdanningstilbod skal dekkast innanfor eksisterande budsjettamme, vil det vere bortimot umogeleg å drive fagskoleverksemd for statstilskottet, og dei fylkeskommunale fagskulane vil vere avhengige av overføringar frå dei fylkeskommunale rammebudsjetta.

Fylkesrådmannen tilrår at forslaget om statleg tilskott til godkjente utdanningar vert støtta, men presiserer at det er viktig at nye utdanningstilbod vert følgt opp med auka budsjettammer til fagskoleverksemd.

Om eigenbetaling § 9.

Forslag om ein ny paragraf med følgjande ordlyd:

”Tilbydere av fagskoleutdanning kan bare kreve egenbetaling fra studenter i den grad det ikke ved tildeling av statstilskudd er forutsatt at utdanningen skal være gratis.

Tilbydere av fagskoleutdanning skal la statstilskudd og egenbetaling fra studentene komme studentene til gode. Tilbydere som mottar statstilskudd, kan ikke gi økonomisk utbytte eller på annen måte overføre overskudd til eier eller dens nærstående.

Departementet kan fastsette forskrift om tilbyderes adgang til å ta egenbetaling fra studenter og om adgangen til å kreve inn andre utgifter knyttet til studiene”.

Det normale bør vere at fagskoleutdanningar som får statleg tilskott, og som det er meininga at er gratis, ikkje samstundes kan krevje eigenbetaling.

Samtundes etterspør næringslivet spesialtilpassa utdanningsmodeller, og desse vil ofte vere meir kostnadskrevjande enn ordinære fagskoleutdanningar. I slike tilfelle må det i loven vere opning for at fagskolane kan ta eigenbetaling som dekkjer ekstrakostnadene.

Vern av nemninga fagskoleutdanning og fagskole – Registrering i Enhetsregisteret - § 10

I ein ny § 10 i lova føreslår departementet at nemningane fagskoleutdanning og fagskole bare kan nyttast om utdanningar og tilbydarar som har godkjenning etter denne lova.

Fylkesrådmannen støttar dette.